



Hardangerrådet iks



Hordaland fylkeskommune  
Samferdselsavd. v/ John Martin Jacobsen  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## **Uttale frå Hardangerrådet vedr. rapport «Reiseliv og infrastruktur i Hordaland»**

Vi viser til mottatt rapport frå Asplan Viak på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune samt møte i Hardangerrådet 18.01.2018 i Granvin der rapporten var gjennomgått av HFK v/ John Martin Jacobsen.

Hardangerrådet er svært nøgd med at valet av pilotprosjekt har vorte fleire strekkingar i Hardanger. Utviklinga og veksten i turismen i Hardanger dei siste åra har gjeve store utfordringar på mange område. Vegstandard, rasteplassar, skilting og offentlege toalett er kanskje dei største enkeltutfordringane.

Dei føreslegne prosjekta gjeld tiltak både langs fylkesveg og langs riksveg. Dette krev at alle aktørar, særskilt Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen, men også kommunane og reiselivsnæringa tek sitt samfunnsansvar på alvor og bidreg til at gode løysingar for fellesskapet kan koma på plass gjennom samarbeid mellom aktørane.

Hardangerrådet vil særskilt kommentera følgjande:

### Rasteplassar

Hardangerrådet støttar strategi og tiltak for å byggja opp under prinsippet om hovudrasteplassar som vert drifta i samarbeid med private aktørar.

Avtale om tilsyn og reinhald av offentlege toalett på mindre rasteplassar bør vurderast teken ut av funksjonskontrakt og overført til eigne avtalar med berre slikt føremål.

### Offentlege toalett.

Vi føreslår at det på toalettanlegg som er dimensjonert for å ta imot bussgrupper vert innført betaling og kontinuerleg bemanning som ivaretek tilsyn/reinhald i høgsesongen. For kunne finansiera ei slik ordning meiner vi det må leggjast tilrette for at det kan etablerast kioskdirift i same område for å kunne gje økonomisk bærekraft for eit slikt konsept.

For terminalområdet på Bu og Seljestad meiner vi det er av største viktighet å betra tilhøva alt før komande sommarsesong. Hardangerrådet har alt sett i gang dialog mellom privat aktør og Statens vegvesen om dette.

Hardanger må framstå som ein reiselivsregion der desse tilboda har ein kvalitet og ein kapasitet som gjev våre besøkjande ei positiv oppleving av regionen og ikkje slik vi såg alt for mange døme på gjennom siste sommarsesong.

### Toalett i samband med kollektivknutepunkt.

Kollektivnettet i Hardanger er bygd opp med stor bruk av korrespondanse mellom linjer og dermed byte av transportmiddel for mange reisande. Ventetid i samband med omstigning på kollektivknutepunkt er svært vanleg og sjølv utan ventetid er tilgang til toalett ofte aktuelt. Slikt toaletttilbod finst i dag på mange av punkta med omstigning, men fleire manglar dette og må få slikt på plass. Av kollektivpunkt i Hardanger som manglar toalett kan nemnast:

- Bu (Toalett er avstengt)
- Seljestad
- Granvin
- Norheimsund

### Utsiktsrydding.

Skogrydding langs vegane i Hardanger må prioriterast slik rapporten tek til orde for. Ei god organisering og finansiering av dette arbeidet kan vera avgjerande for kva resultat ein kan oppnå. Behovet for slik skogrydding vil berre auka i åra framover. Resultatet vil vera m.a. auka trafikktryggleik og ei god reiseoppleving i regionen.

### Bubilfasilitetar.

Hardangerrådet støttar tilrådingane i rapporten.

### Skilting og informasjon.

Vi viser til orienteringa i Hardangerrådet 18.01. og tek oppfordringa om å laga eit eige «Skiltprosjekt for Hardanger» i samarbeid med Statens vegvesen.

### Vegstandard.

Turistsesongen 2017 avdekkja tydeleg at riks- og fylkesvegane i Hardanger ikkje har ein god nok standard for å ta imot den trafikken som kjem til regionen i turistsesongen.

Etter mange drøftingar og stor motstand frå Statens vegvesen vart det sommaren 2017 innført lysregulering på Rv13 i Berget mellom Kinsarvik og Bu. Denne ordninga må vidareførast for sommarsesongane framover heilt til parsellen vert utbetra. Det må også påpeikast at ein vidare auke i turisttrafikken kan føra til behov for liknande tiltak også på fylkesvegane i Hardanger.

Hardangerrådet ønskjer å vera ein aktiv medspelar i det vidare arbeidet med prioritering, planlegging og gjennomføring av dei ulike tiltaka som rapporten beskriv.

Kinsarvik 04.02.2018

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.  
Hardangerrådet iks signerar digitalt